

Til naboar, gjenbuarar,
rettshavarar og offentleg mynde

OSE AS
Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no

Vår ref.: P1839 Ålesund 20.07.2022

oseing.no

Detaljregulering for Skottneset feriesenter – varsel om oppstart av planarbeid – Stad kommune

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsla om igangsetjing av privat detaljregulering for eigedomen gbnr. 280/5, 14 og del av eigedom utan matrikkelnummer i Stad kommune.

Skottneset feriesenter er forslagsstillar og OSE AS er plankonsulent for planarbeidet.

Lokalisering

Planområdet ligg aust for Flatraket, ved fylkesveg 618 i Stad kommune, på Skottneset.

Mål med planarbeidet

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Fleire utleiehytter
- Betre hamn, oppgradere sjøfront mot aust
- Bubilparkering
- Leggje til rette for badestrand
- Trygg avkøyrse til fylkesvegen

Planområdet

Planområdet består av eigedomane gbnr. 280/5, 14 og del av eigedom som ikkje har matrikkelnummer. Sidan dette kan vere eit sameige vert gbnr. 279/1-2 og 280/1-2 og 4 varsla. Dersom ein har opplysningar om eigartilhøva ber ein om tilbakemelding på det. Planområdet er på om lag 46,5 daa. Avgrensinga av planområdet kan bli endra før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Planstatus

Overordna plan

I kommunedelplan for sjøareala i Stad kommune er planområdet lagt ut til formål fritids- og turistformål. Langs fylkesvegen er det i kommunedelplan for Selje formål LNF og veg.

Regulering

Planområdet er ikkje regulert.

Dispensasjon/vedtak

Det er ikkje gjeve dispensasjon eller vedtak som legg føringar for regulering.

Konsekvensutgreiing (KU)

Sidan planområdet i all hovudsak er i samsvar med overordna plan og ikkje kjem i konflikt med vedlegg I, vert det vurdert at det ikkje er krav om KU etter § 6 i forskrifta.

Planlagde tiltak vert vurdert til å ikkje medføre vesentleg verknad for verken miljø eller samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljregulering for Skottneset feriesenter ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

Oppstartsmøte med kommunen

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 24.06.2022, med følgjande hovudpunkt:

- Krav i overordna plan
- Plangrense
- Naturfare
- Vatn og avløp

Informasjon og medverknad

Det vil bli sendt varsel om oppstart til naboar og gjenbuarar, kunngjering i lokal avis og på nettet, i samsvar med pbl. § 12-8. For nærare informasjon ta kontakt med OSE, mob. 974 89 987 eller e-post plan@oseing.no. Reguleringsarbeidet blir vurdert til å gje små negative ulemper for naboar. Det blir difor ikkje lagt opp til medverknadsmøte i samband med oppstart av planarbeid. Det vil bli vurdert medverknadsmøte i samband med offentleg ettersyn.

Meir informasjon

Møtereferat frå oppstartsmøtet 24.06.2022, varslingsbrev, planinitiativ og forskjellige kart blir lagt ut på Stad kommune sine heimesider og på OSE sine heimesider under [kunngjeringar](#).

Merknadar til oppstartsmeldinga

Merknadar som har verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast:

OSE AS på e-post plan@oseing.no eller OSE AS
Vikeøyrane 7,
6150 Ørsta

Frist for merknadar vert sett til **25.08.2022**. Merk fråsegn med P1839.


Alle mottekne dokument og merknadar blir sendt kommunen saman med planframlegget.

Vidare sakshandsaming

Etter at meldingsfrista er ute vil plandokumenta bli utarbeidd for deretter å bli sendt kommunen for sakshandsaming. Etter handsaming i kommunen blir plandokumenta lagt ut til

offentleg ettersyn. Det vil då bli høve til å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming og vedtak.

Med helsing



Bjarte F Friisvold
Arealplanleggar
Mob. 974 89 987
bjarte@oseing.no

Vedlegg:

Detaljregulering for Skottneset feriesenter – plangrense-gråtone_2022.07.20
Detaljregulering for Skottneset feriesenter – plangrense-flyfoto_2022.07.20
Detaljregulering for Skottneset feriesenter – plangrense-KDP_2022.07.18

Vedlegg også sendt elektronisk:

Referat frå oppstartsmøte 24.06.2022
Oversiktskart

Brev sendt elektronisk til:

Statsforvaltaren i Vestland
Vestland fylkeskommune
Statens vegvesen
NVE
Mattilsynet
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Stad kommune
Linja AS

Brev med plangrense:

Katrine Nordbø	Gate 3 85	6700 Måløy
Jan Petter Venøy	Hovevegen 94	6740 Selje
Johnny Ingmar Træet	Godøyvegen 91	6055 Godøya
Roald Martin Barmen	Seljevegen 1896	6717 Flatraket
Henny Sigrun Venøy Fjellskål	Fjellskål 23	5282 Lonevåg
Kjellfrid Sigrunn Rundereim Grebstad	Sunnalsvegen 65	6230 Sykkylven
Sveinung Bjarte Grebstad	Sunnalsvegen 65	6230 Sykkylven
Harald Flister	Seljevegen 1977	6717 Flatraket
Reidun Bergit Flister	Seljevegen 1977	6717 Flatraket
Karen Tornøe	Drage	6750 Stadlandet